



Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091. Majorstuen
0301 OSLO

Deres ref: Vår ref Saksbeh: Arkivkode: Dato:
2018/688-5 Bjørn Bjørnsen, tlf. 995 67 846 S82 19.10.2018

Nasjonal ramme for vindkraft på land - innspel

Vi visar til brev frå NVE av 08.06.18, der det vert bede om faglege innspel.

Store areal i Tinn kommune vert omfatta av forslag til område for utbygging av vindkraft, analyseområde 5. Med utgangspunkt i detaljkartet for dette analyseområder er det 3 delområde i Tinn som står fram som særleg aktuelle for vindkraftutbygging:

Delområde Gaustatoppen – Håkanesfjellet

Dette delområdet, slik det går fram av kartet «Analyseområde detaljkart», grensar mot Gaustatoppen i nordvest, Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde i vest og mot Verdensarvområdet Rjukan-Notodden i nord og aust. Det er knapt nokon nordmann som ikkje kjenner til Gaustatoppen. Fordi dette er eit frittståande fjell på 1883 m o.h. som hevar seg vesentleg over landskapet omkring er toppen synleg over svært store område og er av same grunn det fjellet der ein har utsikt til størst del av Noreg sitt areal. Det går ein skinnebane inne i fjellet opp til toppen, Gaustabanen. Dette er eit svært viktig reiselivsprosjekt i Tinn. Likevel er langt dei fleste som besøker Gaustatoppen fotturistar. Gaustatoppen som turmål har hatt svært sterkt vekst og i 2018 vil det vera over 100.000 besökande på toppen. Sidan 2014 har det vore montert ferdselsteljarar som syner at besøkstalet har auka med 80 % på 5 år. I over 100 år har turistforeininga hatt hytte på Gaustatoppen, med noko overnatting, men der dagsbesøk og servering er mest vesentleg. Den mest brukte turiststigen opp til toppen startar i Hjartdal kommune og ligg innafor det som er vist som aktuelt areal for vindkraftutbygging. Dei siste 3 åra har Norad arrangert ljosvandring langs denne stigen for å markera FN sine 17 bærekraftsmål, med opptil 7000 deltakarar på 1 natt. Dette visar den symbolverdien Gaustatoppen har.

Tinn kommune har som mål at turstigen skal få status som «Nasjonal turiststi». Nesten heile dette delområdet ligg nærmere Gaustatoppen enn 12 km og truleg vil nær alle vindmøller som kunne plasserast her verta synlege frå toppen.

Tinn kommune sitt største satsingsområde for utbygging av hytter og alpinanlegg ligg i Gaustaområdet (jf. [Kommunedelplan Gausta – Rjukan](#)). Det er no bygd til saman omlag 1200 hytter og fritids-leilegheitar her. Gaustablikk Høyfjellshotell disponerer 950 varme senger fordelt på 91 hotellrom, 30 leilegheitar og 47 hytter. Kvitåvatn Fjellstue har 44 rom. I tillegg er det mange kommersielle utleigehytter. Alpinanlegga er utbygd med til saman 13 skiheisar med 35 nedfartar. Området har serveringsstader og det vert drive detaljhandel og har elles omfattande infrastruktur av ulike slag. Vi har ikkje oversikt over samla investeringar i området, men det

utgjer openbart fleire milliard kroner. Område som er vist for vindkraftutbygging overlappar areal som er utbyggingsområde etter kommunedelplanen og omfattar delar av alpinanlegga og går heilt inn til utbygde hytteområde. Det er 85 km preparerte langrennsløyper i Gaustaområde. Vesentlege delar av desse vert liggande innafor område for vindkraftutbygging. Område for vindkraftutbygging er trekt til toppen av fjellet Ørneneipa. Vi har ikkje ferdselsteljingar på turstigen til toppen, men dette har utvikla seg til å verta det mest brukte turmål for dei som har hytte i denne delen av kommunen, med sannsynlegvis fleire tusen besøk pr. sesong.

Ein svært stor del av område som vi har kalla delområde Gaustatoppen-Håkanesfjellet ligg innafor 5 km i luftline frå det utbygde område som har 1200 fritidsbustadeiningar. Dette er i stor grad inngrepsfrie område som har stor verdi for naturopplevingar og friluftsliv nær opp mot eit stort satsingsområde for turisme. Dei representerer og eit viktig potensiale for å utvikle naturbasert reiseliv. Det er høg intensitet i utbygginga innafor planområdet til kommunedelplan Gausta-Rjukan og det er sannsynleg at det i framtida vil skje ein utviding av hytteområda i utkanten av det som no er utbyggingsområde. Det vil gjera tilgrensande naturområde endå meir verdfulle. Mesteparten av Analyseområde Gaustablikk-Håkanesfjellet inngår i leveområda til villreinstamma i Brattefjell-Vindeggen villreinområde (jf. NVS Notat4/2018. Villrein og nasjonal ramme for vindkraft).

Delområde Rivilfjell

Delområdet i analyseområde 5 som utgjer Rivilfjell er eit samanhengande fjellområde utan vesentlege inngrep. Rivilfjell strekker seg nord-sør aust for Tinn Austbygd. I [arealdelen av kommuneplanen for Tinn](#) er Tinn Austbygd markert som eit viktig kulturlandskap. Skirvedalen naturreservat grensar opp til båe delområda Rivilfjell og Blefjell. [Kommunedelplan for Lure-Nystaul- og Skirvedalen](#) definerer det andre viktigaste hyttutbyggingsområdet i Tinn her er det bygd til saman om lag 700 hytter og planen opnar for ytterlegare 5-700 hytter. Store delar av hytteområda som er etablert innafor planområdet til kommunedelplan for Lure-Nystaul Skirvedalen har utsyn til Rivilfjell. Mykje av Rivilfjell ligg innafor 5 – 10 km avstand frå utbygde hytteområde. Utbyggjarane har etablert eit godt drifta skiløypenet og frå mykje av dette og frå turstigar som vert nytta som sumaren er det god utsikt mot Rivilfjell. I tillegg til dei som har hytte i området er det mange dagsturistar. Håvardsrud Seterliv er ei turistbedrift som er basert på aktiv bruk av ei gammal seter i området, med husdyr og servering av mat produsert på eigne råvarer. I Lure- Nystaul Skirvedalen er det lagt vekt på at hyttene skal vera lite synlege i terrenget og området er profilert på nærliek til urørt natur.

Delområde Blefjell.

[Kommunedelplan for Hovin](#) byggjer på Fylkesdelplan plan for Blefjell (jf. Telemark fylkeskommune si heimeside). Regional plan for Hardangervidda er samordna med Blefjell-planen slik at det er etablert ein samanhengande korridor for villrein som går frå nasjonalt villreinområde på Hardangervidda til Blefjell villreinområde. Norsk Villreinsenter Sør har gjort ein vurdering av Blefjell villreinområde av (jf. NVS Notat4/2018. Villrein og nasjonal ramme for vindkraft). DNT har merka sommarrute frå Lufsjå på Hardangervidda gjennom Blefjell-massivet og vidare mot Kongsberg og Skrim. Denne ruta går delevis i Tinn og delevis på austsida av fylkesgrensa mot Buskerud. I vintersesongen vert løypene stikka. På denne ruta ligg dei 2 turistforeningshyttene Daggrø og Øvre-Fjellstul innafor Tinn kommune.

Kommunedelplan for Hovin legg opp til utbygging av hytter i fleire område i denne delen av Tinn. Men det er ingen utbyggingsområde opp mot Blefjell fordi det er lagt vekt på å oppretthalda eit samanhengande inngrepsfritt område nord-sør, for å sikra leveområde og trekkvegar for villreinen, men og for å ta vare på eit samanhengande naturområde. Det er generelt viktig for å sikra biologisk mangfold og ikkje minst for å sikra opplevingar for friluftslivet. I forarbeidet til kommunedelplan for Hovin vart det lagt vekt på at denne aksen med

villmarksprega landskap skulle vera ein vesentleg del av profilen for Hovin i samband med hyttebygging, reiseliv og turisme som næring. Dette var naturleg fordi ein såg at det er ein av dei viktigaste kvalitetane til denne delen av kommunen. Ein utbygging av vindkraft her vil og i stor grad påverka desse prioriteringane, enten det gjeld verdien av å ha hytte her, gå fottur mellom turisthytter eller utøva anna friluftsliv.

I næringsplanen for Tinn er det slått fast at «Tinn kommune skal være en attraktiv verkskommune for alle typer næringsvirksomhet, men der reiseliv er et prioritert satsningsområde». Vidare: «Tinn skal utnytte sine naturgitte fortrinn. Det medfører at kommunen fortsatt skal satse på reiseliv, omfattende utvikling av fritidsboliger, aktiviteter og opplevelser, overnatting, bespising, transport, handel og service» (jf. Strategisk næringsplan for Tinn kommune 2019 - 2029). «Reiselivsstrategi for Tinn kommune 2019 – 2029» legg opp til at vi skal bruke Hardangervidda nasjonalpark og bygdene og kulturlandskapet betre til å profilera Tinn som reiselivskommune. Tinn har status som nasjonalparkkommune. Målsetjingane i næringsplan og reiselivsstrategi er allereie no implementert på mange område i kommunal forvalting og av næringslivet, og bidreg vesentleg til verdiskaping og mange arbeidsplassar.

Analyseområde 5

Område 5 i høylingsforslaget omfattar areal i 8 kommunar i Telemark og 3 kommunar i Buskerud. Dei områda som er vist som mest lønsame å byggje ut har ein del fellestrek. Dei er alle lite påverka av inngrep (jf. INON som indikator). Ved utbygging må sannsynlegvis nesten all infrastruktur, slik som vegbygging, etablerast i område som er utan inngrep i dag. Områda reiser seg som relativt høge fjell i høve til landskapet omkring og er dermed svært synlege frå bygder og tettstader omkring. Av same grunn er det i stor grad fri sikt mellom alle desse fjella. Eventuell utbygging av vindmøller på eit av fjella vil vera svært synleg og til dels dominerande i utsikten frå dei andre og frå mange bygder. Typisk er aktuelle utbyggingsområde relativt store samanhengande naturområde, men med nær kontakt til bygdene omkring. I stor grad er desse fjella eit viktig landskapselement i kulturlandskapet. Område 5 omfattar dei 2 einaste områda i Telemark som har status som «Utvalede kulturlandskapsområde» utpeika av Landbruks- og matdepartementet og Klima-og miljødepartementet. «Norbygda» ligg i Hjartdal kommune med Mælefjell som dominerande del av utsikten og «Svartdal» i Seljord kommune med utsikt mot Skorve. Dette er dei kulturlandskapa som er mest verdfulle, men i dei 11 kommunane er det mange kulturlandskap som i større og mindre grad er nær opp til same nivå. Kommunane som vert påverka har kulturlandskap som må rangerast høgt i regional og nasjonal samanheng og dersom område 5 vert klassifisert som eigna for vindkraftutbygging vil mykje av kulturlandskapet i dette området kunne verta sterkt påverka.

«Telemark» kan seiast å vera ei internasjonal merkevare. Utbygging av vindkraftverk innafor analyseområde 5 vil i utgangspunktet vera negativt for denne merkevara. Vi veit at for utanlandske turistar i området er urørt natur ein viktig attraksjon. Men og for mange av dei som bur her er dette ein stor verdi og ein viktig del av lokal identitet.

Harde og mjuke ekslusjonar

For å koma fram til område eigna for vindkraftutbygging har NVE definert kriterier for harde og mjuke ekslusjonar. Etter vår vurdering er ikkje desse kriteriene tilstrekkelege. Heile arealet innafor område 5 utgjer eit bygdelandskap. Dette landskapet vert brukt dagleg av dei som bur her og det vert stadig viktigare som grunnlag for næringsutvikling. Vindkraftutbygging i dei areala som står att etter at det er utført harde og mjuke ekslusjonar ser ut til å få store negative konsekvensar. Difor er det behov for å gjennomføra vesentleg grundigare analyser og faglege utgreningar. Kapittel II i naturmangfaldlova er sentral, ikkje minst prinsippet i § 8 om at offentlege beslutningar som berører naturmangfaldet skal byggja på vitskapleg kunnskap.

Med helsing

Bjørn Bjørnsen
miljøvernrådgjevar

Brevet er sendt elektronisk og inneholder derfor ingen signatur.